

Forsamlingsarbeidet

Hovudaktiviteten i misjonsforsamlinga er søndagsmøta som i hovudsak vert arrangert 2 gongar i månaden på Skilbrei Ungdomssenter. Dei fleste møter med eige opplegg for borna. Det har vert ein dåp i 2019. Samarbeid med Bygstad Indremisjon og Holmedal Indremisjon om konfirmantarbeidet har fortsatt vore bra, og det var gledeleg å halde konfirmasjonsgudsteneste på Skilbrei ungdomssenter for 4 konfirmantar i 2019. Konfirmantsamarbeidet forset også for skuleåret 2019/2020 og det er no 9 konfirmantar som deltek.

Utviklingsarbeid

Sidan sommaren 2018 har det vert jobba med å sjå på mulighet for å starte ny forsamling i Førde som eit samarbeidsprosjekt mellom NLM og Normisjon. Som del av dette var det i 2019 gjennomført 3 DNA-kveldar for å gje ein peikepinn på retning. Det har og blitt jobba med intensjonsavtale som vart sendt til styra på slutten av året.

Knytt til barneopplegg, vart Barne- og ungdomsarbeidar spurt om å hjelpe til å lage eit opplegg som gjer meir struktur i barneopplegga, samt være til hjelp for dei som har ansvar for barneopplegget.

Økonomi

I 2019 kom det inn 70.328,- i kollekt, det vart overført kr 43.000,- til NLM sentralt. Hovudutgift for forsamlinga er leige av møtelokale. Det er ein mindre kostnad knytt til konfirmasjonsundervisning. Dei totale kostnadane blir fordelt mellom dei tre samarbeidande partane.

Styret

Styret i Sunnfjord Misjonsforsamling har i 2019 hatt 6 styremøter. I følge statuttane for Sunnfjord Misjonsforsamling skal det vere 4 medlemmer i styret.

Medlemer i styret har sidan april vore:

Nils Helge Friborg, Leiar
Anne Margrethe Skjold Olsen,
Bjarte Urnes
Mariann Amsrud Husa
Morgan Aarset, 1. vara

Styret for Sunnfjord Misjonsforsamling:

Anne Margrethe S. Olsen

Bjarte Urnes

Mariann Amsrud Husa

Nils Helge Friborg